



«MOTTAKERNAVN»

«ADRESSE»

«POSTNR» «POSTSTED»

«KONTAKT»

Sakshands.	Saksnr.	Løpenr.	Arkiv	Dato
THORCH	2014/2335	8895/2016	243/Budeieveven	18.04.2016

Uttale - Søknad om tilskot til Fjellandbruket - Budeieveven

Budeieveven ved Gro Hommo, Vinje søkte i 2014 om tilskot frå Fjellandbruket til ein studietur for 15 småskalaprodusentar på tre dagar til Kjerringøy. Kostnadsoverslag var den gong kr 290 000,- og søknadssummen kr 200 000,-

- I vedtak av Fylkesmannen den 16.12.2014 fikk dei tilsegn om tilskot på kr 45 000,- .
- I tilleggssøknad den 28.10.2015 søkte Budeieveven om kr 155 000,- ekstra frå Fjellandbruket, i tillegg det tilskotet dei allereie hadde fått.
- I følgje brev frå Fylkesmannen den 27.11.2015 blei den søknaden overført til 2016, samt at ein bed om å bli orientert om eventuelle endringar.

På bakgrunn av dette søkjer Budeieveven – no ved leiar Ingebjørg Håvardrud, Tinn – på nytt om tilskot til fagtur. Dei har no fått tilskot på kr 90 000,- frå fylkeskommunen samt kr 20 000,- frå to kommunar. Då eigenandelen er sett til kr 45 000,- søkjer dei no om restbeløpet kr 95 000,- frå Fjellandbruket. Dette i tillegg til løyvd tilskot på kr 45 000,- frå 2014.

Sakshandsamar i Vinje vil på nytt tilrå søknaden – og syner til tidlegare uttale frå 2015:

Vinje kommune syner til uttale til prosjektet den 21.10.2014 – og kan ikkje så at det er grunn for å endre den. Snarare tvert i mot når ein ser at dei no er fleire, samt at mange er medlemmane er aktive og står fram i media og er gode ambassadørar for fjellandbruket. No skal og nokre av produkta presenterast i Berlin på Grune Woche.

Ein må og legge vekt på at dette er eit samarbeidstiltak over fleire fjellandbrukskommunar, samt at dei driv ei kompleks næring med store krav til allsidig kompetanse. Mange legg ned til dels mykje arbeid i småskala matproduksjon, og har nok avgrensa høve til å kome i hop med sine «kollegaer» og få fagleg og sosialt påfyll. Truleg er dei økonomiske marginane og noko avgrensa.

Dei driv ein næring og aktivitet som «alle» ønskjer – i kjernen av det som må kunne definerast fjellandbruk. Det bør truleg derfor vere i fjellandbruket sin interesse at desse får kome seg på ein fagtur – ein vil derfor tilrå søknaden på nytt.

Vidare bør det tale for søknaden at Telemark Fylkeskommune også vil bidra med finansiering for tiltaket. Ein syner elles til tidlegare dokument i saka, deriblant kostnadsoverslag og program for turen.

Med helsing

Thor Christiansen
landbruksrådgjevar

Brevet er sendt elektronisk og har difor ingen signatur.

Kopi til:
Anne Aasmundsen
Oddmund Olesrud

Vedlegg:

- 1 Skjema Fjellandbruket Budeieveven, mars 2016
- 2 E-post frå Tinn Kommune - Søknad om tilskot
- 3 Svar - Ny søknad om tilskudd, brev frå FM 27.11.2015

Sendt til:
Budeieveven v/Ingebjørg Håvardrud
FYLKESMANNEN I TELEMARK

Postboks 2603 3702 SKIEN